



Vår grøne kyrkjelyd

Vår grøne kyrkjelyd ønskjer å medverke til glede, takksemd og undring i kyrkjelydane over å vere ein del av skaparverket, og å forløyse engasjement og kreativitet til å ta vare på den verda Gud har gitt oss.



DEN NORSKE KYRKJA



Norges Kristne Råd



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Klimaendringane rammar oss allereie. Menneske, dyr og planter strevar fordi livsgrunnlaget er i endring. Forskarane slår fast at det kjem av levemåten vår, og minner oss om at vi må skifte kurs. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket og Jesu Kristi etterfølgjarar. Kva betyr det konkret for oss i dag? Korleis kan vi tenkje globalt og handle lokalt?

«Grøn kyrkjelyd» er ein reiskap for dei lokale kyrkjelydane til å ta tak i desse utfordringane. Fellesskapet i kyrkjelydane kan saman velje ulike lågterskeltiltak som kan takast inn i alt frå gudstenestene, trusoplæringa, kyrjekaffien og til bibelgruppene. Tanken med tiltaka er at dei skal vere til hjelp og inspirasjon og ikkje ei rigid sjekklister. Ein treng ikkje bruke mykje tid og ressursar på å vere grøn kyrkjelyd, og det skaper fellesskap på tvers av generasjonane og i alle delar av livet i kyrkjelyden.

I denne brosjyren ønskjer vi å gi døme på tiltak som kyrkjelyden kan velje for å bli med i det store fellesskapet som vi kallar grøn kyrkjelyd. Nær 300 kyrkjelydar i heile landet er med i ordninga i dag. Også i mange andre land finnas det grønne kyrkjelydar. Fylldig beskriving, ressursstoff og tips finn de på www.gronnkirke.no

På **Facebook-sida Grønn kirke** kan de inspirere kvarandre og dele informasjon om grønne tiltak. No håper vi at også din kyrkjelyd ønskjer å vere med i dette fellesskapet!

Korleis bli grøn kyrkjelyd?

Med å ta vare på skaparverket viser vi nestekjærleik til dei som blir ramma av klimaendringane no, og til komande generasjonar. Det å vere ein grøn kyrkjelyd er konkret å ta på alvor Guds kall til ansvar for skaparverket og nesten, og det går rett inn i kjernen av å vere ein diakonal, misjonerande kyrkjelyd og å leve som ein Kristi etterfølgjar i praksis!

De blir med ved å:

- drøfte og forankre arbeidet i stab og råd
- gjere eit vedtak om at de vil vere ein grøn kyrkjelyd
- velje og forplikte dykk på minst 25 av tiltaka på plakaten (minst to frå kvart område)
- registrere dykk som grøn kyrkjelyd her: www.gronnkirke.no

Då er de med i det landsdekkjande nettverket av grønne kyrkjelydar!

Hugs at å vere grøn kyrkjelyd er ein prosess: De må fornye engasjementet heile tida, og alltid er det nye målsetjingar de kan strekkje dykk etter. Å vere grøn kyrkjelyd gir eineståande utsikter til tverrkyrkjeleg samarbeid og inspirasjon på tvers av kyrkjesamfunn.





01

FORANKRING I KYRKJELYDEN

For at arbeidet med grøn kyrkjelyd skal vere meiningsfullt for alle som er engasjerte i kyrkjelyden din, er det viktig å forankre konseptet. Det er enkelt for alle i kyrkjelyden å vere med i ordninga, og det å ta vare på skaparverket er ikkje berre for spesielt interesserte.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil forankre miljø- og rettferdsengasjementet vårt i planane og årsmeldingane til kyrkjelyden.
- Vi vil setje ned ei grøn ansvarsgruppe i kyrkjelyden.
- Vi vil arbeide for å ha ein miljø- og rettferdsansvarleg blant dei tilsette i kyrkjelyden.
- Vi vil utfordre fellesrådet til grøn drift på alle område, og representantane våre i fellesrådet / administrasjonen i kyrkjelyden skal arbeide for slik drift. Vi vil vurdere om fellesrådet / administrasjonen i kyrkjelyden skal få Miljøfyrtårnsertifisering.
- Vi vil engasjere oss i grønt samarbeid lokalt og regionalt både i kyrkja og i samfunnet.

02

GUDSTENESTELIV

Det å vere grøn kyrkjelyd pregar alt som går føre seg i kyrkjelyden, og har mykje med haldningsskapande arbeid å gjere. Her handlar det ikkje om å rette ein moralsk peikefinger, men om å inspirere kvarandre til å ta vare på og vise takksemd for skaparverket.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil ta inn miljø-, forbruks- og rettferdsperspektivet i bønner, liturgi, song- og salmeval.
- Vi vil utfordre til engasjement i klima- og rettferdspørsmål gjennom preiker og anna forkynning.
- Vi vil feire skaparverkdagen og andre gudstenester i undring og takksemd over skaparverket.
- Vi vil feire nord-sør-søndagen og andre gudstenester med å setje søkjelyset på nestekjærleiken til dei som er ramma av klimaendringane og følgjene av forbruket vårt.
- Vi vil samle inn pengar til eit grønt prosjekt eller ein miljøorganisasjon, t.d. Kyrkjas Naudhjelp eller ein misjonsorganisasjon.

03



DIAKONI, UNDERVISNING OG MISJON

Miljø, forbruk og rettferd er tema som grip inn i det som skjer i kyrkjelyden utanom gudstenesta òg. Ta vare på skaparverket gjennom aktivitetar i trusopplæringa, i diakonien, på temakvelder og i misjonsarbeidet.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil integrere miljø-, forbruks- og rettferdsperspektivet i undervisning, trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.
- Vi vil innarbeide vern av skaparverket og kampen for rettferd i diakoniplanen vår.
- Vi vil arrangere loppemarknad/bytemarknad eller gi rom for andre kreative tiltak.
- Vi vil arrangere temakvelder med søkjelys på miljø, klima, forbruk og rettferd.
- Vi vil delta i fasteaksjonen til Kyrkjas Naudhjelp (KN) og syte for å ha ein KN-kontakt i kyrkjelyden.
- Vi vil involvere kyrkjelyden i underskriftskampanjar som Kyrkjas Naudhjelp, Changemakers eller andre organisasjonar har, og i anna påverknadsarbeid.
- Vi vil samarbeide om misjonsprosjekt, gjerne slike som har ein grøn profil.
- Vi vil at borna og dei unge i kyrkjelyden skal gjennomføre eit miljøprosjekt som kan engasjere og utfordre heile kyrkjelyden og/eller lokalsamfunnet.

04

INFORMASJON OG SAMARBEID

Det å gjere noko i lag er ein stor inspirasjon i seg sjølv. Som kyrkjelyd kan vi òg påverke lokalsamfunnet vårt. Vi kan få med alle gode krefter i arbeidet med å skape eit meir berekraftig lokalsamfunn med vekt på livskvalitet her og no.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil leggje fram stoff om miljø, klima, forbruk og rettferd i informasjonskanalen til kyrkjelyden.
- Vi vil involvere medlemmene i kyrkjelyden i det som kyrkja gjer for miljø og rettferd.
- Vi vil utfordre kommunen vår til å bli Fairtrade-kommune.
- Vi vil utfordre butikkane i nærmiljøet vårt til å selje og profilere Fairtrade-merkte, økologiske og svanemerkte varer.
- Vi vil prøve å få til eit samarbeid om miljø og rettferd med kommunen og andre lag og organisasjonar i nærmiljøet vårt.
- Vi vil utfordre lokale bedrifter, kommunale etatar eller andre til å bli Miljøfyrtårn.
- Vi vil utfordre kommune-, fylkes- og stortingspolitikarane våre til å handle i konkrete miljø- og rettferdspørsmål.



05

INNKJØP, FORBRUK OG AVFALL

Kyrkjelyden kan òg bli meir klima- og miljøvennleg gjennom heilt konkrete tiltak. Å ta vare på skaparverket handlar òg om å setje i verk tiltak som grip inn i vårt eige grønne fotavtrykk som kyrkjelyd. Ingen tiltak er for små dersom vi skal stå saman om å ta vare på klimaet.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil kjøpe så lite som råd, vurdere bruktkjøp og reparasjon og vere kritiske til å bruke eingongsprodukt ved traktering/kyrkjekaffi.
- Vi vil bruke Fairtrade-merkte produkt.
- Vi vil velje lokalprodusert og økologisk mat så langt råd er, og prøve å redusere kjøttforbruket.
- Vi vil unngå å bruke reingjerings- og sprøytemiddel som inneheld miljøgifter.
- Vi vil heller bruke varer og tenester frå miljøsertifiserte leverandørar og velje miljømerkte produkt.
- Vi vil bruke mindre mengder papir.
- Vi vil sortere avfall til resirkulering og kompostering og spesialavfall til godkjent mottak.



06

ENERGI, TRANSPORT OG REISE

Haldning og handling til klimaet kan ikkje vere isolerte frå livet utanfor kyrkjelyden. Kyrkjelydane kan vere gode føredøme med å vise korleis heile lokalsamfunnet bør ta vare på klimaet og skaparverket. Slik kan arbeidet i kyrkjelyden påverke samfunnet utanfor òg.

Vel minst to av desse tiltaka:

- Vi vil samarbeide med fellesrådet om energibruk og enøktiltak i kyrkjene våre og i andre bygningar.
- Vi vil vere med i enøkprosjektet til KA og bruke kyrkjebyggdatabasen og energimodulen der.
- Vi vil ta ein enøkkontroll av bygningar i kyrkjelyden vår.
- Vi vil bruke sparepærer/ledlys og sløkkje lys og anna elutstyr som ikkje er i bruk.
- Vi vil senke temperaturen når det ikkje er folk i kyrkja, i kyrkjelydshuset og på kontora.
- Vi vil installere varmepumpe, varmevekslarar eller solfangar.
- Vi vil bruke bioenergi og «grøn» straum.
- Vi vil oppmode kyrkjelyden om å gå, sykle, reise kollektivt eller samkøyre til og frå kyrkja eller møtelokalet, og leggje til rette for det.
- Vi vil få folk til å bruke mindre bil og fly ved tenestereiser.
- Vi vil leggje til rette for sykkelparkering ved kyrkja eller møtelokalet.
- Vi vil arbeide for at det i nabolaget vårt skal vere lett å ta seg fram på sykkel og med kollektivtransport.


+ 07

EIGNE TILTAK

Kyrkjelyden din kan i tillegg velje 7 valfrie tiltak. Vel tiltak som passar for din kyrkjelyd – berre fantasien stansar deg.

På Facebook-sida Grønn kirke deler kyrkjelydane gode tiltak dei har gjort. Lik sida og la deg inspirere! Du finn òg døme og erfaringar på gronnkirke.no.

-
-
-
-
-
-
-



Dette må de gjere for å bli ein grøn kyrkjelyd:

- Vel og forplikt dykk på minst 25 av tiltaka på handlingsarket (minst to frå kvart område)
- Konkretiser tiltaka i ein handlingsplan og vedta planen i soknerådet
- Registrer dykk som grøn kyrkjelyd på gronnkirke.no og bli med i det store nettverket av grønne kyrkjelydar over heile landet



gronnkirke.no



Grønn kirke

Nynorsk omsetjing: Norunn Stendal Aksnes